




# MODALEN KOMMUNE

## Årsmelding 2022





## Innhald

### FORORD

#### DEL 1

1. Måloppnåing og utvikling 2022.....	4
1.1 Administrasjonen .....	4
1.2 Politisk styre og oppfølging av vedtak .....	5
1.3 Utviklingstrekk i Modalen .....	7
2. Økonomi og rekneskap .....	8
2.1 Finansielle måltal .....	8
2.2 Oppsummering av driftsrekneskapen og omtale av sentrale poster .....	11
2.3 Oppsummering av investeringsrekneskapen.....	14
3. Organisasjon og medarbeidarar .....	17
3.1 Organisering.....	17
3.2 Ligestilling, inkludering og mangfald.....	19
3.3 Fråvær og inkluderande arbeidsliv .....	19
3.4 Internkontroll og etikk .....	20

#### DEL 2

4. Tenestemråda .....	21
4.1 Barnehage .....	21
4.2 Skule og opplæring.....	23
4.3 Helsecenteret .....	25
4.4 Pleie- og omsorg .....	28
4.5 Sosial .....	30
4.6 Teknisk .....	31
4.7 Kultur, bibliotek og kundetorg.....	34
4.8 Næring.....	36
5. Utviklingsarbeid .....	37
5.1 Overordna ROS - Samfunnstryggleik og beredskap .....	37
5.2 IKT-samarbeid og digitalisering.....	37



## **FORORD**

Også 2022 har vore eit godt arbeidsår for Modalen kommune. Det er gjennomført viktig og godt arbeid med organisasjonsutvikling og tenesteutvikling i dei ulike einingane. Einingsleiarane presenterte sine fokus- og utviklingsområde for kommunestyret i budsjettprosessen hausten 2022.

Rådmannen vil her retta ei stor takk til alle tilsette for vel utført arbeid i 2022 og til tillitsvalde og leiarar for godt samarbeid gjennom året.

Rådmannen vil også takka for samarbeidet med politikarane.





# DEL 1

## 1. Måloppnåing og utvikling 2022



### 1.1 Administrasjonen

Kommunestyret vedtok i desember 2012 ulike resultat og utviklingsområde for 2013-2014, med mål for rådmannen og dermed organisasjonen sitt arbeid innan:

- Økonomi
- Tenesteutvikling for innbyggjarar og medarbeidarar
- Lokalsamfunnsutvikling
- Samarbeid mellom politisk og administrativt nivå.

Politisk er det ikkje utarbeidd nye reviderte resultat og utviklingsmål etter dette.

Rådmannen har internt i leiargruppa sett fokus på mål og resultatvurdering i organisasjonen. I budsjett / økonomiplan for 2022 sette einingsleiarane opp konkrete utviklingsmål for kvart tenestemråde. Desse måla dannar grunnlaget for evaluering av måloppnåing i denne årsmeldinga.

#### **Overordna mål for 2022:**

1. Implementere bruk av det nye kvalitetsstyringssystemet Netpower i alle einingane:

- ⇒ Starta på og vert arbeidd vidare med inn i 2023. Implementeringa har teke lenger tid enn ynskjeleg grunna utskifting av nøkkelpersonell som har ansvar for arbeidet.

2. Gjennomføre felles samarbeidsprosjekt gjennom IKT-Nordhordland for digitalisering av intern og ekstern kommunikasjon frå/til kommunen. Halde fram utviklinga av kundetorget til eit dokument- og servicesenter for alle einingar i kommunen.

- ⇒ Gjennomført og vert vidareført inn i 2023. Gjeld mellom anna Samhandling 365, med til dømes nytt intranett og nytt internkommunikasjonssystem. Kundetorget er dokument- og servicesenter for alle einingane i kommunen



3. Gjennomføre felles prosjekt med dei andre randkommunane og nye Alver kommune for å greie ut moglege samarbeidsområde innafor tenesteutviklinga til kommunane:

⇒ Dette er arbeid med kontinuerleg gjennom heile 2022, og vil fortsetje i åra framover.

## 1.2 Politisk styre og oppfølging av vedtak

### Kommunestyret

Etter kommune- og fylkestingvalet 2019 har kommunestyret følgjande medlemmer i perioden 2019 – 2023:

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Kjetil Eikefet - ordførar	Ann-Jorunn Farestveit - varaordførar
Kristin Nåmdal	Linda Neset
Anne Britt Almelid	Robert Helland
Liv Anne Aanesen	Ole Kristian Øvre Helland
Roger Wilhelm Fure	Håvard Engeseth
Ove Eidsnes	Sigrunn Almelid Birkeland
Marit Kristin Nygard Nese	

Møter i kommunestyret:

År	2018	2019	2020	2021	2022
Tal møter	7	9	6	7	7
Tal saker	57	77	65	59	54

Innkallingar og protokollar vert no sendt ut elektronisk til kommunestyret og formannskapet, og vert lagt ut på kommunen si heimeside. Kommunestyret har teke i bruk den nye politikarportalen og brukar sine private PC-ar til politiske gjeremål. For dette får dei ei årleg godtgjering. Innføringa av elektronisk utsending har redusert kostnader til porto og effektivisert dette arbeidet.

**Kommunestyret har i 2022 mellom anna handsama følgjande saker:**

Dato	Saknr	Saka gjeld
20/1	005/22	Høyringsuttale Vilkårrevisjon Modalsvassdraget
31/3	010/22	Kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og miljø
	011/22	Løyving til rassikring ved Bryggjeslottet – fase 2
	012/22	Søknad om tilskot frå Næringsfondet til prosjekt ope landskap
	013/22	Busetting av flyktningar i Modalen kommune 2022
	014/22	Regional transportplan 2022 – 2033. Høyringsinnspel
24/5	019/22	Etablering av helsefellesskap – overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1
	020/22	Forslag til avtale om administrativt vertskommunesamarbeid barnevern
	021/22	Høyring om betre polititjenester og beredskap
16/6	026/22	Løyving til rassikring bak Bryggjeslottet – fase 3
	027/22	Reguleringsendring på gnr. 76 bnr. 99
	028/22	Økonomirapportering 1. tertial 2022
	029/22	Årsmelding og rekneskap 2021



	030/22	Møteplan haust 2022
29/9	035/22	Løyving til rassikring på Kleivane
	036/22	Flaggreglement i Modalen kommune
	037/22	Val av nytt kontrollutval i kommunestyreperioden 2019 - 2023
03/11	042/22	Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for Osterøy, Vaksdal og Modalen barnevern
	043/22	Økonomirapportering pr 2. tertial 2022
	044/22	Rekrutteringstiltak - sjukepleiarkompetanse
15/12	048/22	Nærskuleprinsippet – vidaregåande opplæring
	049/22	Budsjett og økonomiplan 2023-2026
	050/22	Høyring ny selskapsstruktur NGIR
	051/22	Høyring – Inntektssystemet i kommunane – NOU 2022:10
	052/22	Møteplan vår 2023
	053/22	Val av nytt varamedlem til kontrollutvalet
	054/22	Val av ungdomsråd 2022 - 2024
	055/22	Søknad om sal av alkohol frå ubemanna butikk

Etter rådmannen si vurdering er kommunestyret sine vedtak i 2022 følgt opp av administrasjonen som føresett.

### Formannskapet

Etter kommune- og fylkestingvalet 2019 har formannskapet følgjande medlemmer i perioden 2019 – 2023:

SAMLINGSLISTA	SOLRENNINGSLISTA
Kjetil Eikefet - ordfører	Ann-Jorunn Farestveit - varaordfører
Kristin Nåmdal	Håvard Engeseth
Liv Anne Aanensen	

### Tal på møter og saker i formannskapet pr år:

År	2018	2019	2020	2021	2022
Tal møter	8	8	7	7	7
Tal saker	41	26	44	37	33

Etter rådmannen si vurdering er formannskapet sine vedtak i 2022 gjennomført og følgt opp av administrasjonen som føresett.

### Råd og utval

I Modalen er det utover kommunestyret og formannskapet oppretta kontrollutval, råd for eldre og funksjonshemma, ungdomsråd, administrasjonsutval, arbeidsmiljøutval, valstyret og næringsfondsstyret. Dei ulike råd- og utvala er aktive innanfor sine områder, og vert involvert i tverrfaglege saker etter behov.



### 1.3 Utviklingstrekk i Modalen

#### Folketalsutvikling

Ved inngangen til 2022 var folketallet i Modalen 378 innbyggjarar, og steig til 380 ved utgangen av året. 2 vart fødd og 5 døydde. Innanlands flytting i løpet av året var: 5 fleire personar flytta inn til kommunen enn det som flytta ut.

Samla sett var det ein liten auke i folketallet i 2022, men det er verd å merka seg at flytting er den faktoren som er mest omfang på. I underkant av 10 % av innbyggjarane har no utanlands bakgrunn eller er norskfødte med innvandarforeldre. Statistisk sentralbyrå sine prognosar for folketalutviklinga er relativt stabile for komande år med eit forventa folketal på 376 i 2030 før det aukar litt til 412 i 2050. Så langt har det vore vanskeleg å bryte 400-talet. I Modalen har folketallet hatt slik utvikling :

Per 1.1.	2004	2010	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Innbyggjartal	366	344	372	378	381	383	380	388	376	378	380

#### Kommunale utleigebustader – bygging av nye private bustader – bustadtomter

Kommunestyret vedtok i 2012 (Ksak 033/12) at det skulle innførast standardiserte leigekontraktar med ei tidsgrensing på 3 år ved utleige av kommunale bustader. Det er gjennomført oppfølging av 3-årsfristen i kontraktar inngått frå og med 2016. Etter revisjon av tilskotsreglementet for bustadar i 2011, så har det vore ei auke i talet på bygging av nye private bustader. I tillegg har det vore ein auke i talet på eldre hus som er kjøpt og rehabilitert.

På Mo er det ei ledig tomt bak kyrkja, som kommunen no arbeider med å leggje til rette for små bustader med livsløpsstandard. På Øvre Helland er det og berre ei ledig kommunal tomt, medan det er 8 tomter ved barnehagen på Helland. I tillegg er det nokre regulerte tomter i privat eige. Det er derfor no behov for å få klargjort nye tomter, særleg på eller nær Mo.

Tal på nye bustader teke i bruk:

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Oppføring av nye private bustader	0	0	1	0	2	1	0	0
Tilskot til kjøp/ rehabilitering av bustad	4	4	2	4	1	2	4	2

Utbetalt tilskot til bygging og kjøp/utbetring av eldre bustader:

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Utbetalt tilskot til oppføring av nye private bustader (tal i 1000 kr)	0	250	0	500	250	0	0
Utbetalt tilskot til kjøp / rehabilitering av bustader (tal i 1000 kr)	573	130	400	100	200	400	200

#### Oppfølging av restansar for lån og husleige

Modalen kommune har i 2022 gjennomført oppfølging av uteståande krav av husleige for bustader som er utleigd på forretningsmessig vis. Det er behov for ytterlegare oppfølging som vil verte iverksett i 2023. Det er sett av midlar i rekneskapet for moglege tap.



## 2. Økonomi og rekneskap

Modalen kommune sin rekneskap for 2022 syner eit netto driftsresultat på kr 8 753 294.

2022 vart eit år med godt driftsresultat. Til tross for det gode resultatet syner utviklinga i disposisjonsfondsmidlar ytterlegare nedgang, og følgjer såleis trenden dei seinare åra.

Særleg utgifter til rassikring har ført til at bruken av disposisjonsfondsmidlar har vore større enn tilførselen.


### 2.1 Finansielle måltal

#### Netto driftsresultat

**Vedteke mål:** Minst 3 % av samla årleg driftsinntekt.

➤ **Status 2022:** 7,4 % av samla årleg driftsinntekt.

**Diagram: Utvikling årleg netto driftsresultat 2018-2022 i prosent av samla årsinntekt**



Netto driftsresultat er knytt til den løpande drifta og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einskilde år og gjev ein peikepinn på kor robust økonomien er. Netto driftsresultat på 7,4 % av samla driftsinntekt er godt over vedteke nivå på 3 %, og høgare enn snittet dei siste 10 åra som er om lag kr 6 millionar.






### Korrigert netto driftsresultat

Netto driftsresultat korrigert for premieavvik, og korrigert for netto avsetjing til bundne fond, fører fram til **korrigert** netto driftsresultat. Korrigert netto driftsresultat gjev eit betre bilete på den reelle økonomistoda enn netto driftsresultat. Dette vart kr 6,7 millionar i 2022 og utgjer 5,7 % av samla driftsinntekt. Tilsvarende prosent var 8,1 % i 2021 og 6,1 % i 2020.

Diagram: Korrigert netto driftsresultat 2013-2022 (tal i 1000)




### Disposisjonsfond

**Vedteke mål:** Minst 10 % av samla årleg driftsinntekt.

- **Status 31.12.22:** 4,4 % av samla årleg driftsinntekt.

Diagram: Disposisjonsfondsmidlar 2018 – 2022 i prosent samla årleg driftsinntekt






Samla disposisjonsfondsmidlar er kr 5,2 millionar pr 31.12.22. 5,2 millionar utgjer 4,4 % av samla driftsinntekt. Dette er under målsetjinga og nivået må aukast for å vere i tråd med målsetjinga. I vedteken budsjett og økonomiplan for 2023 – 2026 er det planlagt å tilfredsstille vedteke måltal i løpet av 2024.

## Lånegjeld

**Vedteke mål:** Maksimalt 60 % av samla årleg driftsinntekt.

➤ **Status 31.12.22:** 51,2 % av samla årleg driftsinntekt.

**Diagram: Lånegjeld i % av driftsinntekt**



Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla kr 38,775 millionar, i samband med bygging av Bryggjeslottet. I 2020 og 2021 vart det teke opp ytterlegare kr 17,4 millionar og kr 32,8 millionar, i hovudsak til det nye nærings- og tenestesenteret: Flodmaal, samt ny brannstasjon.

Lånegjelda er pr 31.12.22 kr 60,6 millionar, utanom formidlingslån.

Rente- og avdragsbetaling på lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. Kommunen ligg over minstekravet til årleg avdrag. Pr 31.12.22 er lånegjelda under maksimalgrensa.



## 2.2 Oppsummering av driftsrekneskapen og omtale av sentrale poster

### Budsjettstyring - avvik

	2022	2022	2022	2022	2021
	Rekneskap	Justert budsj	Avvik	Avvik i %	Rekneskap
Rådmannen/sentraladm.	5 926 016,74	4 684 003,00	1 242 013,74	26,5 %	11 797 135,53
Kultur	1 962 577,29	2 282 754,00	-320 176,71	-14,0 %	1 697 587,40
Sosial og barnevern	2 746 599,78	1 802 400,00	944 199,78	52,4 %	1 394 195,97
Skule	11 906 598,20	12 285 988,00	-379 389,80	-3,1 %	12 222 717,75
Barnehage	5 287 881,97	5 700 316,00	-412 434,03	-7,2 %	5 293 849,97
Pleie og omsorg	19 660 594,99	19 799 909,00	-139 314,01	-0,7 %	20 556 429,96
Kommunelege	8 161 165,49	6 877 350,00	1 283 815,49	18,7 %	7 079 666,35
Teknisk	16 796 343,95	14 949 576,00	1 846 767,95	12,4 %	15 118 715,25
<b>Delsum</b>	<b>72 447 778,41</b>	<b>68 382 296,00</b>	<b>4 065 482,41</b>	<b>5,9 %</b>	<b>75 160 298,18</b>
	2022	2022	2022	2022	2021
	Rekneskap	Justert budsj	Avvik	Avvik i %	Rekneskap
Næring	2 238 483,57	2 764 842,00	-526 358,43	-19,0 %	2 633 304,05
Sentrale postar	-5 749 202,90	-5 059 500,00	-689 702,90	13,6 %	-4 993 685,20
Småinvesteringar	645 082,87	405 000,00	240 082,87	59,3 %	
<b>Totalt</b>	<b>69 582 141,95</b>	<b>66 492 638,00</b>	<b>3 089 503,95</b>	<b>4,6 %</b>	<b>72 799 917,03</b>

Rådmannen – meirforbruk kr 1,2 millionar i høve justert budsjett:

- Løn lærlingar: 150 000
- Arbeidsgjevaravgift: 50 000
- Div arrangement, julebord, opning Flodmaal: 230 000
- Innkjøp leikeplassutstyr Kleivane: 40 000
- Kommunal andel ny 110 sentral Vestland: 200 000
- Tenestekjøp bedriftshelseteneste: 150 000
- Konsulentrapport laksetrapp: 50 000
- Mva-kompensasjon: 80 000
- Konesjonskraftsal: - 100 000
- Manglar inntekt på 150 000 (kom for seint til å få med i rekneskapet.)

Kultur – mindreforbruk kr 0,3 millionar i høve justert budsjett:

- Vakante stillingar.

Sosial og barnevern – meirforbruk kr 0,9 millionar i høve justert budsjett:

- Utgifter til busetjing av flyktningar
  - Tilskot knytt til busetjing av flyktningar vert ført samla i inntektsgruppa Generelle driftsinntekter i posten Andre generelle driftsinntekter i Løyvingsoversyn drift, kr 613 000.
- Tiltak innan barnevern.



Skule – mindreforbruk kr 0,4 millionar i høve til justert budsjett:

- Fråvær/permisjonar utan bruk av vikar
- Avvikla tiltak innan vaksenopplæring som var budsjettert for heile året
- Noko meirutgift knytt til SFO
- Noko meirutgift knytt til straumutgift.

Barnehage – mindreforbruk kr 0,4 millionar i høve til justert budsjett:

- Høgare inntekt enn budsjettert.

Pleie og omsorg – mindreforbruk kr 0,1 millionar i høve til justert budsjett:

- Lite mindreforbruk spredt på mange postar
- Budsjettområdet fekk tilnærma balanse etter tilførsel av midlar i justering 2022, i hovudsak knytt til utgift til vikarbyrå og redusert refusjon frå staten.

Kommunelege – meirforbruk kr 1,3 millionar:

- Auke lønsutgift/personellressurs inkl støttekontakt/avlastning og variable postar.
  - Legekontoret har grunna auken i personellressurs innfridd krav om auka opningstid i feriar og vekedager.
- Kjøp av tenester frå andre har avvik grunna feil-/for låg budsjettering
- Auka leigegifter til lokale i løpet av året
- Annonseutgift i samband med utlysing lege og fysioterapeut
- Medisinsk utstyr og materiell
- Ikkje budsjettert avsetjing til overlegepermisjon.

Teknisk etat – meirforbruk kr 1,8 millionar:

- Auka utgift til innkjøp av utstyr til Flodmaal i samband med opning av nytt bygg
- Auka utgift til reparasjonar i Bryggjeslottet, amfiet, svømmebasseng, belysning, serviceavtalar
- Auka utgift til vedlikehald av kommunale vegar.
- Stor reparasjon av ventilasjonsanlegget på Mo skule.
- Auke lønsutgift totalt sett på teknisk etat.

Sentrale postar – meirinntekt kr 0,7 millionar:

- Mva-kompensasjon – meirinntekt kr 0,5 millionar
- Pensjon/premieavvik – meirinntekt kr 0,2 millionar.

Næring – mindreutgift kr 0,5 millionar:

- Næringsområdet salderast mot næringsfondet.



Småinvesteringar – meirutgift kr 0,2 millionar:

	2022	2022	2022	2022
	Rekneskap	Justert budsj	Oppr budsj	Avvik
Elbil-uttak i barnehagen	131 448	120 000	120 000	11 448
Tilhengar - Uteseksjonen	49 690	50 000	40 000	-310
Utstyr - Reinhold	186 569	200 000	200 000	-13 431
Grunnundersøkingar på Mo	0	0	500 000	0
VA-plan	71 331	35 000	0	36 331
Ras Nottveit	206 045	0	0	206 045
	<b>645 083</b>	<b>405 000</b>	<b>860 000</b>	<b>240 083</b>

Det var løyvd kr 0,2 millionar i investeringsløyving til Raset på Nottveit i samband med 1. tertialrapportering 2022. Det vart seinare vurdert at desse utgiftene ikkje kunne definerast som investeringsutgifter og førast i investeringsbudsjett og -rekneskap. Rekneskapsmessig var utgiftene såleis flytta til driftsrekneskapen i samband med årsavslutninga, og lagt inn på småinvesteringar, slik at det vart enkelt å halde oversyn på desse utgiftene.

### Sentrale postar

	2022	2022	2022	2021
Inntektspostar	Rekneskap	Justert budsj	Oppr budsj	Rekneskap
1 Rammetilskot	22 020 086	20 800 000	23 800 000	23 317 389
2 Inntekts- og formueskatt	15 499 409	16 610 000	12 300 000	13 927 202
3 Eigedomsskatt	21 615 317	21 615 000	20 600 000	22 572 581
4 Anna generell driftsinntekt	22 483 843	21 740 000	21 830 000	22 107 075
<b>5 Sum generell driftsinntekt</b>	<b>81 618 655</b>	<b>80 765 000</b>	<b>78 530 000</b>	<b>81 924 247</b>

Dei sentrale inntektspostane syner noko høgare inntekt enn justert budsjett med meirinntekt på om lag kr 0,9 millionar. Tilskot til busetjing av flyktningar inngår i post 4 Anna generell driftsinntekt og utgjør vel 0,6 millionar av meirinntekta. Føring av utgifter og inntekter til busetjing av flyktningar på eige prosjektnr syner ei meirinntekt på om lag kr 30 000. Tek me omsyn til ressursbruk/utgifter som ikkje er synleggjort med føring på prosjektnummeret for busetjing av flyktningar, vil nok realiteten vere nær balanse mellom utgift og inntekt.

### Finans

	2022	2022	2022	2021
	Rekneskap	Justert budsj	Oppr budsj	Rekneskap
10 Renteinntekt	498 426	250 000	200 000	225 529
11 Utbyte	18 540	0	0	0
12 Vinst på finansielle omløpsmidler	189 073	100 000	100 000	89 320
13 Renteutgift	1 489 268	1 400 000	979 900	518 117
14 Avdrag på lån	2 499 990	2 500 000	2 100 000	1 611 930
<b>15 Netto finansutgift</b>	<b>-3 283 219</b>	<b>-3 550 000</b>	<b>-2 779 900</b>	<b>-1 815 198</b>



Netto finansutgift på kr 3,3 millionar er knappe kr 0,3 millionar lågare enn justert budsjett. Renteinntekt/avkastning er hovudårsaka. Finansutgifta har auka mykje både med omsyn til avdrag og renteutgifter.

### Kommunestyret sine premiss for bruken av løyvingar

Iflg § 14-7 i kommunelova skal årsmeldinga gjere greie for eventuelle vesentlege avvik frå kommunestyret sine premiss for løyvingane som er gjeve.

Rådmannen kan ikkje sjå at det er vesentlege avvik frå budsjettpremiss.

## 2.3 Oppsummering av investeringsrekneskapen

### Utklipp frå løyvingsoversyn – investering:

	2022	2022	2022	2021
	Rekneskap	Justert budsj	Oppr budsj	Rekneskap
1 Investering i varige driftsmiddel	14 038 381	14 200 000	2 950 000	51 999 621
2 Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0
3 Investeringar i aksjer og andelar i selskap (KLP)	208 536	300 000	300 000	186 268
4 Utlån av egne midlar	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	0
<b>6 Sum investeringsutgift</b>	<b>14 246 917</b>	<b>14 500 000</b>	<b>3 250 000</b>	<b>52 185 889</b>

### Prosjektoversyn, jfr linje 1 Investering i varige driftsmiddel:

	Rekneskap	Justert budsj	Oppr budsj	Avvik
	2022	2022	2022	2022
Nærings- og tenestesenter	1 340 705	1 350 000	0	-9 295
Oppgradering komm. bygg	325 000	300 000	300 000	25 000
VA-tiltak av investeringsmessig karakter	0	100 000	400 000	-100 000
Uføresette investeringar	0	0	200 000	0
Ventilasjonsanlegg Modalstunet	103 700	100 000	800 000	3 700
Oppgradering uteområde Mo skule, overf frå 2021	683 619	500 000	0	183 619
Oppgradering uteområde Mo skule, pergola m.m.	68 562		500 000	-431 438
Rassikring ved Bryggjeslottet	7 253 282	7 000 000	0	253 282
Ras Nottveit	0	200 000	0	-200 000
Turvegar - Dagsturhytta	99 250	0	100 000	99 250
Leikeplass Kleivane	600 000	650 000	650 000	-50 000
Rassikring Kleivane	3 564 263	3 500 000	0	64 263
<b>TOTALT</b>	<b>14 038 381</b>	<b>14 200 000</b>	<b>2 950 000</b>	<b>-161 619</b>



### Nærings- og tenestesenter – Flodmaal 2020 – 2022

Flodmaal vart teke i bruk i desember 2021. Heile arbeidet var likevel ikkje avslutta. I løpet av 2022 pålaup det samla kr 1,3 millionar til prosjektet. I samband med dette vart det løyvd kr 1,35 millionar i budsjett 2022 til prosjektet i KS-sak 043/22.

Samla oversyn rammevedtak/løyvingar:

<b>KS - vedtak 023/2020 - Rammevedtak</b>	<b>60 800 000</b>	<b>inkl all mva</b>
<b>KS - vedtak 033/2021 – tilleggsøyving</b>	<b>1 700 000</b>	<b>Inkl mva</b>
<b>Totalt</b>	<b>62 500 000</b>	<b>Inkl all mva</b>

Samla oversyn rekneskap:

<b>Sum inv.utgift 2020 - 2022</b>	<b>58 611 663</b>	
Mva med frådrag	3 707 833	
<b>Totalt</b>	<b>62 319 496</b>	<b>inkl all mva</b>

Dette gjev ei samla mindretgift på kr 180 000 i høve til vedtekne løyvingar. Prosjektet er gjennomført innanfor dei samla økonomiske rammene som kommunestyret har vedteke, og stilt til disposisjon.

### Oppgradering kommunale bygg

Modalen kommune har i dag 24 bueiningar. Bueiningane er av varierende alder og kvalitet. Kommunale bustader oppgraderast stort sett etter behov ved skifte av leigetakar. I 2022 vart sørvestvendt yttervegg på Kleivane 19-23 rehabilitert. Veggene vart etterisolert, fekk ny kledning samt alle vindauge og terrassedører på fasaden vart skifta.

### VA-tiltak av investeringsmessig karakter

Arbeidet med ferdigstilling av kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø heldt fram i 2022. Planen vart vedteken i kommunestyret 31.03.2022. Det vart elles ikkje gjennomført oppgradering/fornyng innan vatn og avlaup av investeringsmessig karakter.

### Uføresette investeringar

Opprinneleg løyving kr 200 000 vart flytta til løyving til Ras Nottveit. KS-sak 028/22.

### Ventilasjonsanlegg Modalstunet

I 2022 starta planleggingsarbeidet i samband med utskifting av aggregat og automatikk. Det vart engasjert VVS-entreprenør som utarbeidde teikningsgrunnlag samt funksjonsskildring. Arbeidet med ventilasjonsanlegget heldt fram i 2023.

### Oppgradering uteområde Mo skule - overføring frå 2021

I 2022 vart uteområdet på Mo skule oppgradert. Det vart etablert ein aktivitetsplass bestående av parkourstativ, balansekløssar, balanseline, balanse Brett, trampoline og klatrekryss. Fallunderlag i heilstøyppt gummi (EPDM) med mellom anna plasstøyppt paradisspel. Prosjektet hadde ei kostnadsramme/løyving på kr 500 000. Prosjektet endte med ein samla kostnad på kr 683 619. Et



slikt anlegg er spelemiddelberrettiga, kommunen søkte spelemidla. Søknad vart innvilga og kommunen fekk utbetalt kr 322 000 i spelemidlar som er inntektsført på post 8 i Løyvingsoversyn – investering.

### **Oppgradering uteområde Mo skule, pergola m.m.**

I budsjettet for 2022 vart det løyvd kr 500 000 til uteområde ved Mo skule til etablering av ein pergola, samt diverse utstyr. Så langt er det påløpt utgift til prosjektering, og prosjektet må halde fram 2023. I samband med det vert det nødvendig å justere investeringsbudsjettet for 2023.

### **Rassikring ved Bryggjeshyttet**

Etter at arbeidet med fjellrensing bak Bryggjeshyttet vart avslutta i desember 2021, tok fase to og tre av sikringsarbeidet til i 2022. Fase to bestod i hovudsak av bolting av blokker i fjellsida som sikringstiltak. Medan fase tre omhandla montering av fanggjerd på bakkenivå. Rassikringsarbeidet vart avslutta med ferdigstilling av fanggjerd i slutten av oktober 2022.

### **Ras Nottveit**

I januar 2022 utløyste eit steinskred ei flodbølgje på Nottveit. Utløysande årsak var eit steinsprang kor blokkene drog med seg massane under. Flodbølgja gjorde store skadar på naust i område, enkelte av desse totalskadd. Modalen kommune engasjerte geolog frå NGI for å gjera ei vurdering av rasområdet med tanke på fare for nye steinskred med påfølgjande flodbølgje.

### **Turvegar – Dagsturhytta**

11. Juni 2022 vart Dagsturhytta offisielt opna. Det vart i 2022 gjennomført synfaring langs stien rundt Steinavatnet saman med representant frå Stibyggjaren AS. Hovudfokuset for synfaringa var stien inn til dagsturhytta som går på austsida av Steinavatnet, og kva moglegheiter ein har for å utbetra denne delen av stien. Det vart ein misforståing knytt til behov for å bruke løyvde midlar 2022. Midlane vart omdisponert i sak 043/22, men stein til bruk vidare i prosjektet var bestilt, og det vart såleis ei utgift på nesten kr 100 000 på prosjektet i 2022.

### **Leikeplass Kleivane**

Leikeplassen på Kleivane vart oppgradert i 2022. Etter anbodskonkurransen var det UNIQA som fekk jobben med å oppgradera leikeplassen. Det vart mellom anna sett opp nytt dissestativ, leiketårn, karusell, balansekuler og sandkasse. Nytt fallunderlag i heilstøypt gummi (EPDM). Uteseksjonen tok seg av arbeidet med riving og deponering av gammalt utstyr. Prosjektet hadde ei kostnadsramme på kr 650 000 og vart gjennomført til ein samla kostnad på kr 600 000.

### **Rassikring Kleivane**

I samband med eit mindre jord-/steinsprang over vegen opp mot Kleivane vart det naudsynt å gjera sikringstiltak i fjellsida over vegen. Geolog vart engasjert, og saman med fjellsikringsfirma vart det laga plan for sikringsarbeid. I fjellsida vart det mellom anna gjennomført sikringstiltak i form av rensking av lausmassar og stein, sprenging, bolting, wirenett samt montering av eit enkelt fanggjerd.






### 3. Organisasjon og medarbeidarar

#### 3.1 Organisering

Årsmeldinga er ei tilbakemelding til kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for. Rådmannen har overordna ansvar for at me har ei rasjonell drift, fagleg kvalitet på tenestene og at einingane held seg innafør dei økonomiske rammene som kommunestyret har vedteke.

Leiarane av våre tenester rapporterer direkte til rådmannen i samsvar med den administrative organiseringa. Leiarane har ansvar for økonomi, personalfunksjonar og fagområde innan sine respektive einingar.

Den administrative organiseringa og samsvarande økonomisk rammeområde låg til grunn for kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2022. Organisasjonskartet under viser organiseringa i kommunen ved utgangen av 2022.



Rådmannen meiner vi har ei god administrativ organisering slik det fungerer i dag. Leiargruppa samhandlar godt, utvekslar erfaringar og yter kvarandre hjelp på tvers av eigne ansvarsområde. Men rådmannen vil også peika på dei utfordringar som har kome fram i leiargruppa sine eigenvurderingar av ulike tenestekområde. Her vert det mellom anna peika på at vi stort sett berre har ein person innan kvart fagområde / ansvarsområde, og ofte har denne personen fleire roller. Dette gjer oss sårbare ved lengre fråvær og ved større utskifting av personell.



### **Personalpolitiske retningslinjer og HMS**

Dei tilsette i Modalen kommune utgjer den viktigaste ressursen som kommunen rår over. Rådmannen og leiarane har det overordna ansvaret for arbeidsmiljø og personalpolitikk, område som er viktige i alle organisasjonar. Det er kjøpt ulike tenester frå Bedriftshelsetenesta for å gjennomføre HMS-tiltak som vart planlagt for 2022. Overordna personalansvar og felles oppgåver er lagt til stillinga for assisterande rådmann.

Retningslinjer for lønspolitikk og seniorpolitiske tiltak vart innført frå 01.01.10. Desse er retningsgjevande for kommunen sin personal- og lønspolitikk. Retningslinjene vart revidert i 2017.

Eit oversyn over dei tilsette syner at om lag 40 % av arbeidsstokken i kommunen er over 50 år og vel 10 % er over 60 år. Dette er positivt med tanke på at vi då har ei stor gruppe rutinerte tilsette med solid erfaring frå arbeidslivet. Samstundes syner tala at det ligg ei utfordring i at mange i denne gruppa i løpet av dei neste ti åra vil gå ut av arbeidslivet. I tida framover er det derfor trong for ein arbeidsgjevarpolitikk som gjer at me får behalda seniorane, men samstundes må me setja inn tiltak for ny rekruttering. I den samanheng må me vera ein attraktiv arbeidsgjevar som trekkjer til oss kompetanse for framtida. Me har derfor vurdert at me skal ha ei meir offensiv satsing på rekruttering av unge arbeidstakarar, til dømes gjennom lærlingordninga.

I organisasjonen vert det fokusert på oppfølging av HMS-arbeid og sjukefråvær. Det har vore utført vernerundar ved alle verneområda. Det er ikkje registrert ulukker eller skader på personalet. Kommunen har avtale med Salutis AS (tidlegare HMS-gruppen), som er Modalen kommune si bedriftshelseteneste. Dei har bidrege med rettleiing, kontrollar, opplæring og førebyggjande tiltak. Det vert laga ein plan for HMS-arbeidet ved inngangen til kvart nytt år. Leiarane på einingsnivå er ansvarlege for å fylgje opp dette arbeidet. Det var fire møter i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) i 2022, og bedriftshelsetenesta deltok på møta.

### **Lærlingar**

Modalen kommune har hatt 3 lærlingar og 1 lærekandidat i 2022.

### **Opplæring og kompetanseutvikling**

Ei opplæringsnemnd, der tillitsvalde er representert, styrer opplæringsmidlane som skal nyttast til utvikling og kunnskapsheving blant dei tilsette. Det har vore gjennomført eit møte i opplæringsnemnda i 2022. Fleire tilsette har motteke opplæringsstønad- og stipend gjennom året jamfør vedtak i opplæringsnemnda.

### **Stipend til elevar i vidaregåande skule**

Stipendet vert gjeve til elevar som går på vidaregåande skular, og som har foreldre/heimen sin i Modalen kommune. 23 elevar/lærlingar har fått utbetalt stipend.

### **Ungjobb – sommarjobb i Modalen kommune**

19 ungdommar frå Modalen i alderen 16 – 19 år har hatt sommarjobb i kommunen i 2022. Dei har fått tilbod om 3 veker. Arbeidet er fordelt på Bryggjesslottet, Modalstunet, Modalen barnehagen og teknisk uteseksjon. Tilbodet gjeld for ungdom som har gjennomført 10. klasse i Modalen.



### 3.2 Likestilling, inkludering og mangfald

#### Kjønnsfordeling av faste tilsette

	Per 31.12.2022			
	Menn	%	Kvinner	%
Rådmann/assisterende rådmann	1	50	1	50
Einingsleiarar	1	17	5	83
Totalt fast tilsette i Modalen kommune	17	20	66	80

#### Arbeidsgjevars aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26

Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremma likestilling og hindra diskriminering. Modalen kommune har framleis ei overvekt av kvinnelege arbeidstakarar. Begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. Rådmannen kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremje likestilling eller hindra forskjellshandtering i Modalen kommune. Ved tilsetjingar i kommunen vert søkjar sine kvalifikasjonar vektlagt, og ikkje kjønn. Talet på kvinner i leiarstillingar har auka dei siste åra. Arbeid mot uønskt deltid er eit anna viktig likestillingsmål, for her er kvinner overrepresentert i samfunnet. Også i Modalen kommune er kvinner overrepresentert i små stillingar i høve til menn. Det har vore sett fokus på dette, og ein har arbeidd bevisst for å sikra deltidsarbeidande størst mogleg stilling i kommunen. Eit av tiltaka har vore å tilby deltidsarbeidande stillingsutviding på tvers av tenesteområda.

Det er gjennomført tiltak dei siste åra for å betre universell utforming ved helsesenteret og ved busstopp Mo skule. Det har vore ei utfordring at funksjonshemma ikkje har hatt tilgjenge til andre høgda i kommunehuset. Dette ordna seg då det nye nærings- og tenestesenteret vart teke i bruk i desember 2021.

### 3.3 Fråvær og inkluderande arbeidsliv

Resultatmålet for det lokale sjukefråværsarbeidet fram til utgangen av 2022 er eit sjukefråvær på maksimalt 6,5%, målt som gjennomsnitt for dei tre siste åra. Kommunen har ikkje klart å nå dette resultatmålet.

Det er kontinuerleg fokus på sjukefråværsarbeidet, og i tilfelle der fråværet kan skuldast tilhøve på arbeidsplassen prøver ein å leggja til rette for å redusera arbeidsbelastninga så langt det let seg gjera. Det er langtidsfråværet som gjev utslag på fråværsprosenten. Korttidsfråværet ved alle einingar er lågt.

#### Sjukefråvær i %:

År	1.kvartal	2.kvartal	3.kvartal	4.kvartal	Samla
2016	11,3	7,9	5,4	9,6	8,5
2017	13,4	13,3	9,1	7,3	10,8
2018	8,8	5,2	4,3	9,5	7,1
2019	10,0	7,7	4,6	10,2	8,0
2020	14,7	10,3	3,4	5,9	7,5
2021	7,2	6,7	9,5	10,9	8,6
2022	11,8	7,6	7,3	13,4	10,3



### Kommentarar sjukefråvær

Fråvær gjeld alle som får fast utbetalt lønn (inkludert faste vikarar). Eigenmeldingar er medrekna.

Rådmannen/sentraladministrasjon/kultur/kundetorg har eit samla fråvær på 7,1 % i 2022. Primært nokre langtidssjukemeldingar. Korttidsfråværet var 0,4%.

Pleie og omsorg har hatt eit samla fråvær på 17,4 % i 2022. Primært langtidssjukemeldingar som utgjer 13,7 % av fråværet.

Mo skule har eit samla sjukefråvær på 8,7 % for 2022. Det aller meste av dette er langvarige sjukmeldingar på enkelttilsette. Korttidssjukefråværet ved Mo skule er dette året på 1,3 %.

Mo barnehage har eit samla fråvær på 7,8 % i 2022.

Teknisk har eit samla fråvær på 9,6 % i 2022. Det er flest langtidssjukemelde. Korttidsfråværet er på 0,5 %.

Helsesenteret har eit samla fråvær på 5,3 % i 2022.

Modalen kommune er ei inkluderande arbeidslivsverksemd. Det vil seie at me har forplikta oss til å arbeida for inkludering av dei som står i fare for å falla ut av arbeidslivet, eller som slit med å koma inn i arbeidslivet. Dette kan vere med på å forklare kvifor kommunen har høgare tal på langtidssjukemeldingar. Kommunen som arbeidsgjevar, dei tillitsvalde og NAV Arbeidslivssenter er partar i avtalen. Det er utarbeidd lokale delmål i IA-avtalen vedkomande: 1- Sjukefråvær 2 - Personar med redusert funksjonsevne 3 - Avgangsalder.

## 3.4 Internkontroll og etikk

### Internkontroll

Modalen kommune følgjer opp internkontroll mellom anna gjennom digitalt kvalitetsstyringssystem Netpower og fagsystem. Netpower omfattar heile den kommunale verksemda og inneheldt mellom anna modul for avvikssystem, dokumenthandsaming og ROS-analyser, og nyttast i utvikling og tilgjengeleggjering av retningslinjer, rutinar, prosedyrar og avvikshandtering i den daglege drifta til Modalen kommune. I tillegg har kommunen ulike fag- og sakshandsamingssystem der internkontroll er ein innarbeida del av dei digitale systema. Modalen kommune jobbar kontinuerleg med utvikling og opplæring i dei ulike systema, og vurderer fortløpande tiltak knytt til internkontroll i tenestemråda.

### Etikk

Etiske retningsliner for tilsette og folkevalde i Modalen kommune vart vedtekne i desember 2010, og vart revidert og vedteke i kommunestyret i mai 2021. Modalen kommune er tilmeldt KS sitt styrevervregister <http://www.styrevervregisteret.no/> med lenke lagt inn på kommunen si heimeside. Her kan ein finne opplysningar om ulike verv som tilsette og politikarar har i andre selskap og organisasjonar. Det er ikkje registrert tilhøve som bryt med etiske retningsliner.



## DEL 2

### 4. Tenesteområda

#### 4.1 Barnehage



#### Organisering

Barnehagen er leia av styrar. Kvar avdeling vert leia av pedagogisk leiar som har med seg assistentar/fagarbeidarar etter tal barn. Vedtektene til Modalen barnehage fastsett bemanningsnorma seks barn pr. vaksen. I barnehagelova og vedtektene er det fastsett kor mange barn det skal vere per pedagogisk leiar. Barnehagen er stengt i veke 29 i sommarferien. Barnehagen og skulen samarbeider i feriar.

Modalen barnehage har 2-avdelingar, 0-3 år og 3-6 år. Barnehagen si opningstid er frå kl. 07.00-16.30. Foreldra kan velgje mellom tre- eller fem dagars tilbod. Styrar er ansvarleg for rammeområdet.

Staten sine tilskot til drift av barnehagen inngår i rammetilskotet ut frå talet born i alderen 0-6 år busett i Modalen kommune. Born busett i andre kommunar kan nytta plass i barnehagen, så lenge det er avtale med bustadkommunen om finansiering av plassen. I 2022 har me drifta barnehageplassar både frå Vaksdal- og Alver kommune.

Bemanninga vert justert i høve barnetal og bemanningsnorm. I tabellen står tal plassar oppført (barn under 3 år tel for to plassar).

Tal plassar	<u>2019</u>	<u>2020</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>
	33 (10)	31 (12)	29 (2)	33 (4)

*Tala i parentes viser barn frå andre kommunar som inngår i det samla barnetalet.*

Talet på årsverk pr mai 2002 var 8,57 årsverk.

#### Tenester og oppgåver

Visjonen til barnehagen er:

«Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus».

Hovudmålet vårt er å arbeida for å gjera borna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg. Me nyttar oss av arbeidsmåtane «Mange intelligensar (MI)» og Dei utrulege åra (DUÅ).

Me arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma ut frå Barnehagelova og



Rammeplan for barnehagar. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei sju fagområda i Rammeplan for barnehagar. Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år.

Prisen for barnehageplass er lågare enn makspris for barnehage. Barna får frukost, lunsj, frukt og ettermiddagsskiver. Barn busett i Vaksdal kommune nyttar betalingsstatsane til heimkommunen.

### Foreldresamarbeid

Me har eit godt foreldresamarbeid. Foreldra har fått tilbod om foreldresamtalar enten digitalt eller i papirform vår og haust. Me har hatt foreldremøte både vår og haust.

### Overgang barnehage skule

For å byggja gode relasjonar og sikra ein god overgang for førskulebarna er det laga plan for jamlege besøk mellom skulen og barnehagen. Elles har førskulebarna fått tilbod om å vera saman med SFO i feriar på skulen.

## Mål og fokus 2022

- Alle tilsette har fått tilbod om medarbeidarsamtalar.
- Ein har gjennomført vernerunde.
- Me har arbeidd med førebygging mot mobbing, Eit trygt og godt barnehagemiljø.
- Me hatt ressursteam ein gang pr. måned. Dette er eit samarbeid mellom tilsette frå PPT, styrar og dei pedagogiske leiarane. Tidleg tiltak.
- Me har hatt ei oppgradering på uteområdet, me har fått nye dissestativ.
- Frå Kulturkontoret har Dei yngste i barnehagen fått ei teaterførestilling med Jorids sanseteater.
- Frå Kulturkontoret har dei eldste i barnehagen fått ei teaterførestilling med Askeladden fritheater.

### Evaluering av mål 2022:

- **Etterarbeid med arbeidsmiljøundersøkinga.** Personalet har jobba med områda ein ynskjer forbedra og områda der ein ynskjer vidareføra det gode arbeidet på.
- **Reduksjon i sjukefråværet.** Barnehagen har arbeida med bransjeprogrammet Ein bra dag på jobben, saman med rettleiarar frå NAV. Dei tilsette har lært verkty som ein kan iverksetja for å jobba førebyggjande, slik at ein skal få redusert sjukefråværet.
- **Me har avslutta prosjektet Eit trygt og godt barnehagemiljø.** I august avslutta me dette Rekomp-prosjektet. Samarbeid med Høgskulen innlandet.



## 4.2 Skule og opplæring



### Grunnskule

Hausten 2022 starta 55 elevar opp på Mo skule, dette er ein nedgang på 7 elevar frå førre skuleår. Mo skule er ein fådelt skule der elevane er delt i fem klassar/grupper dette året. Sju elevar er heimehøyrande i andre kommunar. Det starta opp to nye førsteklassingar ved skulen hausten 2022. Det er 19 tilsette ved Mo skule. Desse arbeider til saman i vel 16 heile stillingar. Arbeidet omfattar assistent / fagarbeidar i SFO og kantine, undervisning grunnskule, undervisning kulturskule, vaksenopplæring og leing.

### Modalen Skulefritidsordning, SFO

Vedtektene for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7:  
Hausten 2022 var det 11 born påmeldt i Modalen SFO. Opningstida til SFO er 07.30 - 16.30 alle dagar. SFO har eigen dagleg leiar som har ansvar for søknader og det praktiske arbeidet til dagleg. Mo skule har frå hausten 2014 tilbydd gratis leksehjelp for alle elevar som ein del av SFO-tilbodet.

### Modalen Kulturskule

Modalen Kulturskule har pedagog i undervisning av enkeltelevar i musikk i 20 % fast stilling. Grunna stor auke i elevmassen er stillinga mellombeld utvida til 28% dette året. Kulturskulen har hausten 2022 17 elevplassar. Dette er ein oppgang på 10 plassar frå førre år.

### Vaksenopplæring

Modalen har dette året ikkje fast undervisning i vaksenopplæringa. Kommunen kjøper tenester frå vaksenopplæringa i Alver for enkeltelevar som har rett til dette.

### Mål og fokus 2022

Det overordna styringsdokumentet for Mo skule si verksemd finn ein i Opplæringslova med forskrifter ([www.udir.no](http://www.udir.no)). Desse dannar grunnlaget for skulen sitt arbeid med



«Kunnskapsløftet» (KL20) der ein finn dei meir konkrete planane for skulen si verksemd. Ved Mo skule er det eit mål at det vert utvikla kultur som er prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen. For elevar og føresette inneber dette òg at skulen sin praksis skal vera meir synleg.

Nasjonale prøver vart gjennomført på 5., 8. og 9. trinn hausten 2022. Mo skule bruker resultata internt i arbeidet med å heva kvaliteten på opplæringa og for å auka elevane si læring. Analysen av resultata på Mo skule syner at elevane sine prestasjonar ligg midt på treet, og i nokre tilfelle over gjennomsnittet. Samstundes er det vanskeleg å samanlikne resultata med andre kommunar fordi skulen har relativt få elevar. Mo skule nyttar resultata frå dei nasjonale prøvane til å kunna fokusera på den enkelte elev sine resultat og utvikling.

Mo skule har to satsingsområde som går parallelt. Arbeidet med PALS (positiv atferd, støttande læringsmiljø og samhandling) vert vidareført, og arbeidet med desentralisert kompetanseutvikling (DEKOMP) er kome godt i gang. Tema for denne satsinga er *Elevnærver*.

Tidleg innsats og tilpassa opplæring har fokus ved Mo skule. Skulen nyttar ressursar til å dele samansette klassar i dei fleste kjernefag, også når det er få elevar i gruppene.

Mo skule har nytta seg av den nasjonale satsinga «Kompetanse for kvalitet». To pedagogar har nytta seg av dette etterutdanningstilbodet skuleåret 2022/2023 i fagområda spesialpedagogikk og lærarspesialist i lesing og skriving. Det sist er eit studie som går over to år. Skulen har som mål å til ei kvar tid ha minst ein tilsett under vidareutdanning.





### 4.3 Helsesenteret



Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsesenteret. Under Modalen helsesenter er følgjande tenester organisert: legekontor, helsestasjon, fysioterapi og psykisk helse.

#### Legekontor

Det er 1,2 legeheimel i Modalen, som dekker fastlege- og kommuneoverlege. Vi samarbeider om interkommunal legevakt i Knarvik. Der får innbyggjarar i Modalen hjelp når det ikkje er lege i Modalen. Det var om lag 500 personer som hadde fastlege ved kontoret i 2022.

#### Legekontor – Mål

Sikra våre listepasientar eit tilfredsstillande allmennlegetilbod med

1. god tilgjengelegheit
2. akseptable ventetider og
3. fagleg forsvarleg legeteneste.

Vi gjev legetenester til pasientar som har fastlege i Modalen, og naudsynt helsehjelp til andre som oppheldt seg i kommunen. Det har vore redusert tilgang på legetimar i korte periodar i 2022 grunna sjukdom og fråvær, men ventetida på legetime har aldri vore meir enn to-tre veker. Legekantoret har hatt auka oppgåver i samband med virussjukdommar med testing, vaksinerings og rådgjeving i høve luftvegsymptom.

#### Kommunefysioterapeut

Fysioterapitenesta i Modalen kommune utgjer eitt årsverk. Me hadde ein tre-månaders periode med redusert tilbod grunna fysioterapeut som slutta.

Alle innbyggjarar i Modalen får tilbod om fysioterapiteneste ved behov, uavhengig av om dei bur heime eller på institusjon. Pasient, pårørande, foreldre eller samarbeidspartar kan ta kontakt. Me driv ambulerande og stasjonær teneste for pasientar i alle aldrar og det er tilbod om gruppetrening.



### **Kommunefysioterapeut – Mål**

Sikre ei fagleg god utøving av alle ansvarsområda som ligg i stillinga og ei forsvarleg ventetid. Fysioterapeuten har vore tilgjengeleg for timebestillingar gjennom heile året med redusert kapasitet hausten 2022 før nyttilsetjing. Fysioterapeuten har jobba med oppgåver som avtalt i rettleiar og retningslinjer.

### **Helsestasjon**

Målgruppa for skule- og helsestasjonstenesta er born og unge i alderen 0 - 20 år. Tenesta er lovpålagt og skal førebyggje sjukdom, fremja god fysisk og psykisk helse samt fremja gode sosiale og miljømessige forhold for barn og unge. I 2022 har me hatt ei heil stilling som helsesjukepleiar i kommunen. Helsesjukepleiar har ansvar for helsestasjon og skulehelsetenesta, og det er lege fast tilgjengeleg.

### **Skulehelseteneste**

Helsesjukepleiar er på skulen kvar torsdag. Helsesjukepleiar har «dropp-inn» på skulen med låg terskel for elevar, foreldre og lærar. I tillegg deltek helsesjukepleiar på oppfølgingsmøter som gjeld barn med samansette utviklingsvanskar for å sikre oppfølginga.

### **Tverrfagleg samarbeid**

Helsesjukepleiar samarbeider tett med legetenesta , psykisk helse, psykolog, kommunefysioterapeut, tilsette i skule, barnehage, PPT og barnevern.

### **Helsestasjon – Mål**

Måla er å ha ei teneste på helsestasjonen og i skulehelsetenesta som er i tråd med nasjonale retningslinjer og i tillegg arbeide for helsefremjande og førebyggjande helsestasjonsteneste i Modalen kommune. Helsesjukepleiarressursen har vore god og tilgjengelege og me har sikra meir enn tilstrekkelege og naudsynete tenester.

### **Psykisk helseteneste**

Lokalt psykisk helsearbeid skal bidra til fleire friske leveår for befolkninga og redusere negative konsekvensar av rusmiddelbruk og psykiske helseproblem for den einskilde, for tredjepart og for samfunnet. Den psykiske helsetenesta utgjer til saman to årsverk. Sjukepleiar har vidareutdanning i psykisk helsearbeid og driv sjølvordførbyggjande kurs. Det er i tillegg tilsett kommunepsykolog i 20 % stilling, og noko av den stillingsressursen har vore brukt til personale og individuell jobbstøtte.

### **Psykisk helseteneste - Mål**

Dette er eit lågterskeltilbod der pårørande, brukar sjølv eller andre i hjelpeapparatet tek direkte kontakt. Det er ikkje naudsynt med tilvising frå lege. Me utgreier, førebyggjer og behandlar lette psykiske lidningar og har oversikt over den psykiske folkehelsa. Det er nær kontakt mellom fastlege og den psykiske helsetenesta. Pasientar hjå legen får informasjon om psykisk helseteneste. 20 personar,



born, vaksne og eldre, nyttar seg av jamleg av tilbodet.

## Mål og fokus 2022

- Tilbodet på helsetenester og førebyggjande tiltak med god kvalitet til folk i Modalen har vore god i 2022. Det har vore tilnærma null ventetid på tenester innan psykisk helse, helsestasjonsteneste og særst låg ventetid på fysioterapi-og legetenester.
- Me har hatt god kapasitet på vaksinerings og testing i samband med covid-19 og andre virussjukdomar.
- Helsesjokepleiar har vore tilsett i 100% stilling
- Vi har tilsett ny fysioterapeut i 100% stilling
- Vi har hatt auka legeressurs, tilnærma 100% lege totalt.
- Oppfølging av covid-pandemien for å sikre minst mogeleg negative konsekvensar for kommunen og den enkelte innbyggjar ved førebyggjande prosjekt finansiert av prosjektmidlar.
- Gode samarbeidsrutinar ved helsesenteret med møter kvar veke og månadlege personalmøte i tillegg til medarbeidersamtalar.
- Øving i hjarte-lunge-redning for alle ved helsesenteret med tilbod til alt personell i helse-omsorg.
- Personalsamling på slutten eller byrjinga av året.
- Faglege oppdateringar med undervisningsbolkar har vore mindre enn planlagt.
- Naudsynte kurs i samband med utdanning og spesialisering og innføring av nytt journalsystem har vore på eit minimum då det er vanskeleg med vikar når tilsette har fråvær.
- Vernerunde er følgt opp med plan og tiltak for å sikre trygge og gode arbeidsstasjonar på helsesenteret.



## 4.4 Pleie- og omsorg



### Tenester og oppgaver

Pleie- og omsorg gjev ulike tenester etter søknad. Det er disponert 5-7 institusjonsplassar til eigne innbyggjarar med ulike tenester. Alver kommune har leigt 2 plassar heile året. Det har i 2022 vore 14 innskrivingar av pasientar ved Modalstunet inklusiv Alver kommune sine leigepasientar. Dette er 6 fleire enn i 2021 og 14 utskrivningar, av desse tre dødsfall.

Fokus i drifta er på tiltak som sikrar stabile inntekter ved institusjonen. Det vert og vurdert tiltak som kan redusera utgiftene, men likevel gje ei stabil og god forsvarleg drift.

#### Dagtilbod

13 brukarar har nytta tilbodet.

#### Heimehjelp

5 brukarar har i snitt motteke ca 7,5 timar praktisk bistand pr. veke.

#### Heimesjukepleie

13 brukarar har i snitt motteke ca. 45,5 timar heimesjukepleie pr. veke.

#### Tryggleiksalarmar

9 brukarar har nytta tryggleiksalarm.

#### Matombringing

2 brukarar har motteke middag heim pr. veke.

#### Overordna mål for pleie- og omsorgstenesta:

- Gode og nok brukartilpassa tenester med god kvalitet, lett tilgang og samsvar med trong.
- Pårørande skal føla seg velkomne og fokus er respekt og tru på den einkilde sine ressursar.
- Eit godt miljø der både brukar og tilsette skal trivast.
- Respekt og tru på den einkilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeider i pleie- og omsorgstenesta i Modalen kommune.



### **Personell**

Kjøp av privat vikarteneste har vore naudsynt gjennom heile året for å kunne drifta eininga, då det har vore stort fråver. Har 1 assistent som går 2 året på sjukepleieutdanning og 1 assistent som har byrja på sjukepleieutdanning i år.

### **Kjøkken og vaskeri**

Modalen kommune er deltakarak i prosjekt Nordhordland med tilsett ernæringsfysiolog, der Masfjorden er vertskommune. Frå 1. august vart det tilsett lærling i ernæringskokkfaget på kjøkken ved Modalstunet, som skal gå inn i 100 % stilling i 2024 etter endt utdanning.

Formålet er å styrkja det systematiske ernæringsarbeidet og den ernæringsfaglege kompetansen i helse- og omsorgstenesta og bidra til å sikra ein mat- og ernæringsoppfølging som er i tråd med brukar sine eigne ønske og behov og nasjonale faglege tilrådingar. Varetaking av grunnleggjande ernæringsbehov og ein heilskapleg og koordinert mat- og ernæringsoppfølging er ein viktig del av oppdraget til helse- og omsorgstenestene.

### **Mål og fokus 2022**

- Fokus på sjukefråvær har vorte arbeidd med kontinuerleg på personalmøter og IA-avtalen.
- Myndiggjering av tilsette er vidareført og vert kontinuerleg arbeidd med i drift.
- Velferdsteknologi vert arbeidd med kontinuerleg.
- Reforma «Leve hele livet» har vorte arbeidd med gjennom året.
- Handlingsplan i høve arbeidsmiljøundersøkinga har vore fast på personalmøter med tilsette.
- Systemansvarlege har august- desember delteke på opplæring i nytt journalsystem.
- Årsturnus er implementert frå juni månad.



## 4.5 Sosial

### Barnevern

Modalen kommune inngjekk frå 01.07.2022 interkommunalt vertskommunesamarbeid om barnevernsteneste med kommunane Osterøy og Vaksdal, etter handsaming i kommunestyret 25. mai 2022 - sak 020/2022. Sørfjorden barnevern har i 2022 vore i samanslåingsprosess med fokus på å samordne tenesta. Det har i 2022 lokalt i Modalen vore fokus på å vidareføre etablerte tverrfaglege team med føremål om å styrkje samarbeidet mellom tenestene rundt barn og unge i Modalen kommune. Leiar for barnevernet orienterer årleg om tilstandsrapport for barnevernet, og i 2022 har det vore fleire orienteringar til formannskapet og kommunestyret om inngåing- og oppfølging av barnevernet i samanslåingsfasen.

### NAV

NAV Fensfjorden er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen, der Masfjorden er vertskommune. Målet med å etablere ei interkommunal NAV-teneste for deltakarkommunane er å styrkje kompetanse og sikre stabilitet slik at brukarane får tenester med god kvalitet. NAV Fensfjorden tek i vare det statlege og kommunale ansvaret for arbeids- og velferdsetaten, samt det kommunale ansvaret for økonomisk vanskelegstilte, og arbeider etter dei mål og føringar som ligg i lov og forskrift, samt oppdragsbrev. NAV Fensfjorden har ikkje flyktingteneste som del av innhald i NAV-kontoret, men bistår ved busetting- og oppfølging.

NAV-kontoret ligg på Hosteland i Masfjorden. Møte med innbyggjarar i Modalen kommune skjer gjennom telefon og individuelle møte med NAV tilsette i Modalen etter avtale. I 2022 er det lokalt i Modalen kommune arbeid for tilrettelegging av møtelokale for NAV etter lovpålagte krav. NAV Fensfjorden har elles hatt fokus på ulike prioriterte utviklingsprosjekt.

### Flyktingtenesta

I 2022 har Modalen kommune busett fleire flyktingar i kommunen. Dette var ikkje planlagt då budsjettet var lagt for 2022 og var derfor ikkje budsjettert for. I løpet av året har administrasjonen omdisponert ressursar for å følgje opp dette området, og statlege overføringar gjer at rekneskapen likevel vert saldert. Det har vore stort fokus på å skaffe eigna bustader, følgje opp praktisk ved busetting, individuell oppfølging kring integrering og introduksjon med språkleg opplæring. Modalen kommune kjøper plassar i introduksjonsprogram av Masfjorden kommune.

### Mål og fokus 2022

Dei definerte måla for 2022 gjaldt interkommunalt samarbeid om barnevern, tilstandsrapport for barnevern og oppfølging av NAV Fensfjorden. Måla er nådd for 2022, og det har vore jobba med:

- Inngåing av interkommunalt samarbeid med Vaksdal og Osterøy. Etablering av rutinar for system og oppfølging av dette samarbeidet er del av målsettinga for 2023.
- Tilstandsrapport er følgt opp og lagt fram for Kommunestyret. Det vert jobba med form og innhald, og ein ser på korleis ein kan sikre raud tråd mellom tilstandsrapporten og overordna system- og planarbeid innan området.
- NAV Fensfjorden vert følgt opp gjennom systematiske erfaringsmøter i regi av Masfjorden kommune som sikrar ein to-vegs kommunikasjon og fortløpande evaluering.



## 4.6 Teknisk



### Tenester og oppgaver

Teknisk sjef har leiaransvar for teknisk etat. Under teknisk etat er følgjande tenester organisert: Landbruk, vaktmeistertenesta, reinhald og administrasjon. Når det gjeld brann er kommunen ein del av Nordhordland brann og redning (NHBR). Samla 12,6 årsverk. Tilsette på teknisk etat: 7 tilsette på reinhald, 5 tilsette på uteseksjonen, 2 tilsette på landbruk/skogbruk og 3 tilsette i administrasjonen.

Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehald av kommunale vegar
- Vatn og avlaup
- Planlegging, prosjektering og bygging av nye anlegg
- Byggjesak
- Kart og oppmåling
- Hjelp ved ulukke eller vasskade.

Overordna mål:

- Trivsel for den einskilde innbyggjar i kommunen
- Yta god service til publikum
- Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemd
- Arbeida for å betra kommunikasjonstilhøva
- Syta for at kommunale bygg, anlegg og eigedomar held ein god standard og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg
- Gjennomføra tiltaka i økonomiplanen.

### Mål og fokus 2022

- **Oppgradere parkering og turveg inn til dagsturhytta.**  
*Parkering er satt på vent, og turveg inn til dagsturhytta er starta opp og vidareførast i 2023.*
- **Vedtak av kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022 – 2032.**  
*Målsettinga er oppnådd, vedteke 2022.*
- **Innmåling og dokumentasjon av VA – anlegg**  
*Prosjektet er påbegynt og vidareførast i 2023.*



### Kart, oppmåling og byggesak

I 2022 er det oppmålt 4 eigedomar. Det har vore lite byggeaktivitet i 2022. Det vart gjeve løyve til bygging av to naust og ein garasje i 2022. Det vart gjeve ferdigattest på Dagsturhytta og Flodmaal i 2022.

### Brann og redning (operativ avdeling)

2022 var eit år med normal drift utan inngripande koronatiltak.

#### Øvingar

Øvingar blei fullført som planlagt. Alt mannskap skal øva 40 timar pr. år og øvingane skal innehalda oppgåver/ferdigheiter som ein treng ved aksjonar. Øvingane vart i stor grad leia av utrykkingsleiarane frå Modalen, men det vart og gjennomført øvingar med instruktørar frå andre stasjonar i NHBR. Øvingane har hatt fokus på blant anna elv, og dei risikoane som er i kommunen. I tillegg har utrykkingsleiarane fått auka kompetanse på leing av skadestaden (7 trinnsmodellen/ELS).

#### Oppdrag/aksjonar

Det har vore ein liten auke i antall utrykkingar i Modalen. Ein har vore ute på fleire trafikkulykker, brann i bygning, first respontarar, naturhendingar, skorsteinsbrann med meir.

#### Innkjøp 2022

Ny mannskapsbil (kombibil) i Modalen: I 2019 starta arbeidet med innkjøp av 3 nye bilar i NHBR. Bilane skulle vært på plass i løpet av 2022, men grunna utfordringar kring anbudsprosessen er dette forsinka til Q2 2023. Andre innkjøp: Diverse forbruksmateriell og utstyr

#### Førebyggjande arbeid - NGIB

Arbeidet til NGIB har i 2022 vært tilnærma normal drift. Undervisning i 1, 6 og 7 trinnet gjekk som normalt. I tillegg gjennomførte NGIB eit arrangement for enkelte 6 og 7 klassar.

Samarbeid med helse- og omsorgsetatane i kommunane er prioritert slik at ein når risikogrupper og individ på ein god måte. Ein gjennomførte personalundervisning for tilsette ved Modalen sjukeheim. I samstundes vart det ført tilsyn med kommunens omsorgsbustader. NGIB arbeider med å posisjonera seg internt i kommunane slik at ein kjem tidleg inn i prosessar t.d. byggjesaker og kan ivareta brann sine interesser på eit tidleg tidspunkt.

#### Feiing og bustadtilsyn

NHBR sin avdeling hadde normalt drift i Modalen i 2022. Ein fekk gjennomført planlagt aktivitet i Modalen. Det ble utført kamera kontroll på Skavlabu etter avvikene i 2021. Dette avviket er nå lukket. Vi gjennomførte også tilsyn/feiing på Norddalshytten. Antall utførte tilsyn: 90. Antall utført feiing: 65.

### Kalkstasjon ved Espeneset

Året 2022 vart det brukt 819 m<sup>3</sup> biokalk 75 ved kalkdoseringsanlegget. Anlegget gjekk utan stopp og utan reparasjonar utover normalt vedlikehald. Kalkdoseringsanlegget sin driftsperiode er frå 1. desember – 1. juli. Perioden 1. desember – 15. mars med PH 6.2, perioden 15. mars – 1. juli med PH





6,4. Målingar av PH-verdi skjer på målestasjon ved Mo skule.

### Vaktordning/utetenesta

Vaktordninga har fungert bra i 2022. Me har hatt ein del utrykkingar kor dei fleste gjeld tett kloakk, stans i vassforsyning og utkopling av utstyr ved straumstans.

### Reinhaldstenesta

Reinhaldarane har arbeidd systematisk med vedlikehalds- og bemanningsplanar. Det har vore nedvask på de fleste offentlege bygga i kommunen. Me har eit godt team som syt for god kvalitet på leverte tenester.

### Landbruk

I Modalen er det 9 aktive bønder, av desse driv 4 med mjølkeproduksjon, 1 driv med ammeku og sau og 4 bruk har berre sau. Aktiviteten i landbruket utløyser i overkant av 3,7 millionar kroner i produksjonstilskot og avløysartilskot. I Modalen kommune er det omlag 1 602 dekar med jordbruksareal i drift. Tal frå Nibio syner at verdiskaping frå landbruk er på 3,05 mill og at 8,38 årsverk er sysselsett i jordbruket.

Modalen har 5 aktive beitelag i kommunen. Dei har hatt fått kr 101 800 i tilskot frå ordninga organisert beitebruk i hovudsak til radiobjøller. Dette er teknologi som gjer arbeidet med tilsyn og sanking lettare i krevjande terreng. Det har vore eit fellesprosjekt som har jobba med å betra dekning i fjellet, og Modalen har saman med fleire kommunar ytt tilskot til dette.

Formannskapet besøkte i mars 2022 ny mjølkefjøs hjå Frank Stian og Aud Steinsland. Dette er Modalen sin første fjøs med mjølkerobot.

Pilotprosjekt Ope landskap - beiting med geit Modalen kommune. I samband med dagsturhytta ved Steinavatnet har Teknisk etat/Landbruk vidareført pilotprosjekt med beiterydding ved hjelp av geit og ny beiteteknologi (no fence). Geit frå Eksingedalen har hatt sommarjobb med Steinavatnet med å rydda tursti og areal langs vatnet. Dei gjer ein god jobb.

### Skog

Det vart ikkje avverka tømmer eller massevirke i Modalen i 2022.

### Hjorteviltforvaltning

Dei tre valda i Modalen vart i 2016 ein del av bestandsplanområde Storfjellet. Bestandsplanområdet inkluderer Modalen, delar av Eksingedalen og delar av Voss. Bestandsplanområdet vert administrert av Vaksdal kommune, då dei har størst teljande areal i området. Storfjellet bestandsplanområde utarbeida ny 3 års bestandsplan i 2022. Det vart i 2022 felt 92 hjort i Modalen, og fellingsprosenten var 72 %.



## 4.7 Kultur, bibliotek og kundetorg

Kundetorget har per 31.12.2022 4 tilsette og følgjer opp arkiv og IKT, dagleg drift av Bryggjeslottet, kultur, bibliotek og ungdomskoordinator. Organiseringa gjev overlappende kunnskap til utføring av ulike oppgåver ved sjukdom og ferie. Kundetorget sine oppgåver rettar seg både mot publikum og internt i organisasjonen.

### Kultur

I 2022 vart det lyst ut ei stilling som konsulent for kultur (50 %) og næring (50 %). Stillinga er knytt til kundetorget og har eit overordna ansvar for kultur-, idretts og aktivitetstilværet i kommunen.

Kulturkonsulenten skal vere er ein pådrivar på nokre område og ein tilretteleggjar på andre.

Pådrivarrolla inneber å invitere til/ etablere samarbeid, utvikle arrangement og leggje til rette for at andre kan skape.

Avdelinga skal syte for tildeling av kulturmidlar og kulturminnevernstønad, samt samarbeid med barnehage om den kulturelle barnehagesekken, skulen om den kulturelle skulesekken og Modalstunet om den kulturelle spaserstokken. I tillegg legg me til rette for arrangement som t.d. barna sin dag, julemarknad, modalsdagane, bygdekino og konsertar. På arrangementssida er modalsdagane det største løftet for avdelinga.

Ulike årsaker førte til at stillinga var ubemanna store deler av 2022. Noko som resulterte i reduserte lønsutgifter for tenesteområde kultur, samt redusert tilbod på tenesteområdet.

### Mål og måloppnåing 2022

- **Utarbeida handlingsplan og prioritering av turstiar**  
Arbeidet vart ikkje gjennomført
- **Etablere og utvikle Dagsturhytta til ein god møteplass**  
Dagsturhytta Olav Nygards bu ved Steinavatnet vart offisielt opna av ordførar 11.juni 2022 med diktlesing av vår lokale forfattar Hildegunn Dale.
- **Gje born og unge i Modalen eit tilbod i sommarferien**  
Kundetorget gjennomførte aktivitetsveker i byrjinga av sommarferien for born i alderen 1.-10. klasse.
- **Ha gode rammevilkår for lag og organisasjonar**  
Etablerte rammevilkår for lag og organisasjonar vart vidareført med fordeling av kulturmidlar, dialog, tildelingar og samarbeid på ulike område.

### Bryggjeslottet

Drift av Bryggjeslottet ligg under kundetorget. Bryggjeslottet er eit allaktivitetshus og skal vere ein tilgjengeleg aktivitetsarena for lag og organisasjonar gjennom heile året. Her vert større fellesarrangement som kino, konsertar og t.d. julemarknad haldne.



Bygget har ein viktig folkehelsefunksjon for innbyggjarane i Modalen gjennom eit lågterskeltilbod om fysisk aktivitet i gymsal, symjebasseng, styrkerom og bibliotek, I tillegg er huset ein sosial møteplass for folk i ulike aldrar.

### Mål og måloppnåing 2022

- **Bryggjeslottet skal vera sentral i marknadsføringa av kommunen.**  
Bryggjeslottet har blitt innbyggjarar, gjestar turistar og lag og organisasjonar, og vi vil fortsetje marknadsføringa via media, sosiale medier og kommunen si nettside
- **Vera eit kultur- og aktivitetshus for folk i alle aldrar.**  
På grunn av slitasje vart bowlingbana stengt for renovering tidleg haust 2022. Kostnadene med renovering var for stor til at ein kunne hente midlar frå inneverande år.
- **Sjå på fleire område for aktivitetar i huset.**  
Lag og organisasjonar i kommunen leiger lokale utan kostnader. Det er tilbod om både fotball, volleyball, taekwondo m.m i treningshallen. Det vart arrangert barnas dag i februar og julemarknad i desember. Biblioteket hadde ulike arrangement i løpet av året. På grunn av ulik slitasje og behov for reparasjon av amfi har det ikkje vore prioritert å sjå på fleire område for aktivitetar i huset

### Modalen Folkebibliotek

Folkebiblioteket er ein viktig stad for innbyggjarar, skule og barnehage i kommunen. Biblioteksjefen innehar ei 50 % stilling.

### Mål og måloppnåing 2022

- **Halde fram me utvida opningstid – tidvis ubetent**  
Biblioteket tilbyr sjølvbeteningsløyising i dei tidene det er offentlege bading i Bryggjeslottet, dvs at biblioteket er tilgjengeleg under skuleferiar, laurdagar og søndagar. I tillegg er biblioteksjef til stades på biblioteket onsdag, torsdag og fredagar.
- **Greie ut kva slags digitale tenester me kan og bør tilby.**  
Biblioteket tilrettelegg for at lånarar skal finne leseglede ved å sjå, låne og lese fysiske bøker på biblioteket. Samtidig skal vi bli betre på digitale tenester med auka tilgang til e-bøker, lydbøker og anna digitalt materiale i framtida.
- **Biblioteket skal vera ein møteplass som formidlar kunnskap og oppleving:**  
I 2022 vart det gjennomført fleire arrangement i regi av folkebiblioteket, mellom anna bokkveld, bokbussen Nyfiken vitja Mo under Modalsdagane og i desember var biblioteket vertskap for bokslepp av «*Modalen – Føriverda*» med lokale forfattarar. Lesekampanjen sommarles vart gjennomført sommarmånadene og leseivrige born vart invitert til eit avslutningsarrangement.



## 4.8 Næring

Modalen kommune har etablert eit kommunalt næringsfond. Midlane er henta frå årlege tildelte konsesjonsavgifter frå kraftproduksjonen. Midlane i næringsfondet vert forvalta og brukt i samsvar med gjeldande vedtekter og retningsliner, og store delar vert nytta til tilskot- og låneordning til prosjekt innan lokalt næringsliv og til kommunale fellestiltak. Næringsfondet vert òg nytta til finansiering av investeringar i infrastruktur, tilskot til bustadetablering og andre føremål utover direkte stønad til næringsverksemd. Utover rettleiing og forvaltning knytt til næringsfondet, deltek mellom anna Modalen kommune aktivt i regional næringsutvikling gjennom Osterfjord Nærings samarbeid.

### Næringsfondsstyret

År	Tal møter	Tal saker /tal løyvingar	Tilskot løyvd kr.	Lån løyvd kr
2022	3	4 / 4	1 124 500,-	
2022	Delegasjon rådmannen	6 / 6	320 771,-	

Næringsfondsstyret er til vanleg sett saman av formannskapet. Ved særskilde saker, vert kommunestyret sett som næringsfondsstyret. Administrasjonen handsamar søknader med søknadssum under kr. 100 000,-, jf. vedtekter og Strategisk næringsplan.

Løyvingar fordeling på næringar:	2022
Landbruk	2
Reiseliv/service/handel	3
Industri/produksjon/anlegg	3
Prosjekt/anna	2

### Næringsfond 2010 - 2022

Utvikling av status/saldo for næringsfondet: av næringsfondet er kr 2 millionar bunde som **grunnkapital** og denne er **inkludert** i saldoar i oversikten.

Note 10 i årsrekneskapan viser nærare fordeling av tilgang og bruk av midlar frå fondet i 2022.

År	Inngående saldo pr. 01.01.	Utgående saldo pr. 31.12.
2010	6 620 506	2 235 118
2011	2 235 118	8 577 992
2012	8 577 992	8 443 268
2013	8 443 268	9 846 208
2014	9 846 208	13 014 207
2015	13 014 207	12 767 508
2016	12 767 508	10 713 406
2017	10 713 406	11 503 748
2018	11 503 748	7 032 042
2019	7 032 042	5 392 331
2020	5 392 331	5 638 196
2021	5 638 196	4 527 097
2022	4 527 097	3 201 463

### Mål for 2022

Det var mål i 2022 å starte opp revisjon av Modalen kommune sin strategiske næringsplan, og det vart jobba med forarbeid for dette og klargjort for oppstart av revideringsprosess i 2023.



## 5. Utviklingsarbeid

### 5.1 Overordna ROS - Samfunnstryggleik og beredskap

Den overordna ROS-analysen vart vedteken av kommunestyret i møte den 22.09. 2016 (K-sak 048/16). I samsvar med kommunestyret sitt vedtak er ulike tiltak følgt opp i løpande drift og ved oppfølging i budsjettarbeidet for 2022 og økonomiplanperioden. Prioriterte tiltak, som varslingssteneste, vart anskaffa og klargjort for bruk i 2017 og var i drift frå 2018.

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta i vare innbyggjarane sin sikkerheit og trygghet innanfor sitt geografiske område. Alle uønskte hendingar skjer i ein kommune, og kommunane utgjer det lokale fundamentet i den nasjonale beredskapen. På bakgrunn av ny organisering gjennomførte kommunen ein hovudrevisjon av den overordna krise- og beredskapsplanen i 2013. Planen vart sist revidert hausten 2020, men mindre endringar i planen skjer fortløpande gjennom året og fast ved overgang til nytt kalenderår. Tenestene har også egne beredskapsplanar basert på lokale forhold.

Kommunen skal ta omsyn til tryggleik og beredskap i samband med all arealplanlegging. Det er m.a. krav om at det vert utarbeida risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med alle nye reguleringsplanar. Forskrift om konsekvensutgreiingar omtalar i kva tilfelle det skal utarbeidast konsekvensutgreiing (KU) og kva denne skal innehalde.

Mål og tiltak for samfunnstryggleik og beredskap i 2022:

- Gjennomføre ei årleg beredskapsøving for kriseleiinga → Gjennomført med reell hending.
- Årleg revisjon av krise- og beredskapsplan → Gjennomført.

### 5.2 IKT-samarbeid og digitalisering

Modalen kommune har felles IKT-drift saman med kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Frå 2020 kom Gulen, Samnanger og Austevoll inn i samarbeidet. Samstundes erstatta Alver kommune Radøy, Lindås og Meland kommunar. I 2021 kom Aurland kommune inn i samarbeidet. Interkommunale IKT-tenester Nordhordland vart oppretta og organisert som eit interkommunalt samarbeid etter vertskommuneprinsippet, der Osterøy kommune var vertskommune. IKTNH drifter IKT- oppgåver for samarbeidskommunane, og vart frå 2020 organisert som eit interkommunalt oppgåvefelleskap etter § 19 i ny kommunelov, med styre og representantskap. Styret for IKTNH er rådmennene i samarbeidande kommunar, medan ordførarane utgjer representantskapet.

Gjennom året har det vore fokus på å følgje opp dei ulike fellesprosjekta som er sett i verk gjennom det regionale IKT-samarbeidet. Kundetorget har også vore sterkt engasjert i innføringa, opplæringa og bruken av dei nye IKT-løysingane

Fordeling av kostnadane for drift av IKTNH skjer etter ein modell der 1/3 av kostnadane vert fordelt flatt mellom kommunane og 2/3 etter folketal. Utgifter knytt til kommunane sine lisensar og lokalt utstyr vert betalt direkte av den einskilde kommune.

